



FISKERIDIREKTORATET
Region Vest



Lerøy Austevoll AS

5392 STOREBØ

Sakshandsamar: Else Marie Djupevåg

Telefon: 91864702

Seksjon: Region Vest

Vår referanse: 07/18144

Dykkar referanse:

Vår dato: 07.03.2008

Dykkar dato: 14.02.2008

Att:

H-MF-11 15 20 25- LERØY AUSTEVOLL AS ORGNR 886813082 LØYVE TIL ENDRING AV ANLEGG FOR OPPDRETT AV LAKS OG AURE FRA 4 TIL 6 RINGER PÅ LOKALITET SKÅR I TYSNES KOMMUNE

Vi syner til søknad datert 09.10.07 om løyve til oppdrett av laks og aure på ny lokalitet Skår i Tysnes kommune.

Vedtak

Lerøy Austevoll AS konsesjonane H-MF-11, MF-15, MF-20 og MF-25 har med dette løyve til å etablere og endre anlegg for produksjon av matfisk av laks (*Salmo salar*), aure (*Salmo trutta*) og regnbogeure (*Oncorhynchus mykiss*) på lokaliteten Skår i Tysnes kommune med ei samla MTB på lokaliteten på 3120 tonn.

H-MF-11, MF-15, MF-20 og MF-25 har løyve til å drive på følgjande lokalitetar, der samla biomasse på kvar lokalitet aldri skal overstige biomassen den einkilde lokalitet er klarert for og samla biomasse i drift for kvar av konsesjonane skal aldri overstige 780 tonn.

Nr	Lokalitet	Kommune	Lok. biomasse	Koordinatar EUREF 89/ WGS84	Samlokalisering
11662	Knappebukta	1259	780	N: 60.30.8372 Ø: 4.55.1303	H-MF-11, H-MF-15, H-MF-20, H-MF-25
13696	Nakken*	1221	1560	N: 59.49.9213 Ø: 5.33.8033	H-MF-11, H-MF-15, H-MF-20, H-MF-25
11758	Sauøy Ø	1259	2340	N: 60.35.5755 Ø: 4.51.3508	H-MF-11, H-MF-15, H-MF-20, H-MF-25
13699	Leirvika	1266	1560	N: 60.44.3817 Ø: 5.21.5027	H-MF-11, H-MF-15, H-MF-20, H-MF-25
28256	Skår	1223	3120	N: 59.54.0568 Ø: 5.31.9479	H-MF-11, H-MF-15, H-MF-20, H-MF-25

* Mellombels til 30.06.2008

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Fiskeridirektoratet Region Vest med heimel i Lov av 17.06.05 nr 79 om akvakultur og forskrift av 22.12.04 nr 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret. Viser også til akvakulturdriftsforskrifta av 22.12.04 nr 1785.

Grunngjeving

Lerøy Austevoll AS søkte 09.10.07 om løyve til å endre anlegg for oppdrett av laks og aure ved å utvide frå 4 til 6 ringer på lokalitet Skår i Tysnes kommune.

Den omsøkte lokaliteten ligg i eit område som er avsett til akvakultur i kommuneplanen. Søknaden har vore kunngjort etter retningslinene og lege ute til offentlig innsyn i Tysnes kommune. Det kom ikkje inn merknader i samband med utlysninga. Tysnes kommune tilrår søknaden 29.01.08.

Søknaden er handsama av Kystverket Vest 14.02.08. Med heimel i §18, 2.ledd i Lov om hamner og farvatn av 08.06.1984 nr. 51, har Kystverket gjeve løyve til utlegging av anlegg som omsøkt. Vi viser til krav om merking og bruk av lys gjeve i Kystverket sitt løyve.

Søknaden er tidlegare handsama av Mattilsynet, Distriktskontoret for Sunnhordland 22.03.07. Mattilsynet Distriktskontor for Sunnhordland gav i medhald av § 5 i Forskrift av 16. januar 2004 om godkjenning av etablering og utviding av akvakulturanlegg m.m, løyve som omsøkt.

Søknaden er tidlegare handsama av Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga 27.08.07. Med heimel i ureiningslova frå 13. mars 1981 nr 6, § 11 og § 16 har Fylkesmannen i Hordaland gjeve utsleppsløyve for 3120 tonn MTB. Fylkesmannen skriv i sitt vedtak at verksemda kan verte pålagt tiltak for å overvake utviklinga i resipienten og eventuelle effektar på korallførekomstar i området.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering etter Lov om akvakultur, har Fiskeridirektoratet Region Vest gjeve Lerøy Austevoll AS, H-MF-11, MF-15, MF-20 og MF-25, løyve til å utvide anlegg for oppdrett av laks og aure med tor ringar på lokaliteten Skår i Tysnes kommune som omsøkt.

Vilkår

Løyve vert gjeve under føresetnad av at etablering, drift og eventuelt avvikling vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter og vilkår.

Lokaliteten skal etablerast i samsvar med kartvedlegg. Dersom De ønskjer å endra anlegga i høve til desse løyva, må det sendast søknad om dette til Fiskeridirektoratets Region Vest.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve. Dette løyvet fritek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover.

Løyve kan trekkjast attende eller anlegget kan verte kravd redusert dersom tilhøva skulle tilseie dette jf. § 9 i Lov av om akvakultur.

Mistanke om rømming av fisk frå anlegg må så snart som råd rapporterast til Fiskeridirektoratet Region Vest. Det må vidare meldast frå om kva for tiltak som er og vil bli sett i verk for eigen gjenfangst av fisken. Konesjonseigar må gjere sitt for at anlegget skal vere så rømingssikkert som mogeleg.

Plassering og merking av anlegget må være i samsvar med § 8 i akvakulturdriftsforskrifta, samt vilkår set i løyve frå hamnestyresmaktene. Når det gjeld forsvarleg teknisk standard, samt drift og vedlikehald av anlegget vises til Forskrift om krav til teknisk standard for installasjonar som nyttes til akvakultur av 23.12.2003.

Ved etablering pliktar verksemda å oppfylle viltlova § 3 (fredingsprinsippet). Dersom vilt set livet til og/eller er årsak til skade på oppdrettsanlegg skal konsesjonshavar straks ta kontakt med kommunen v/viltforvaltninga og fylkesmannen sin miljøvernavdeling for å drøfte aktuelle tiltak. Når det gjeld sjøpattedyr skal ein ta kontakt med Regionkontoret. Når det gjeld andre omsyn til det omkringliggjande miljø viser ein til vilkåra i fråsegn og utsleppsløyve frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling.

Løyvet vert gjeve på vilkår av at reglane i Lov av 19.12.2003 om matproduksjon og mattrygghet vert fylgde, og at konsesjonæren sjølv må bære eventuelle tap som følgje av tiltak som vert sett i verk med heimel i matlova.

Pliktar

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter Lov om akvakultur. Vi vil i denne samanheng særskild syne til Akvakulturdriftsforskrifta av 22.12.04 . Akvakulturloven med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på www.fiskeridir.no eller ved å ta kontakt med Fiskeridirektoratet Region Vest.

De plikter å halde Fiskeridirektoratet Region Vest orientert om når oppstart av produksjon skjer og kva konsesjon som til einkvar tid er i drift på lokaliteten.

De pliktar å gje representantar frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket og Mattilsyn tilgang til inspeksjon av og opplysningar om anlegget.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget, og også slik at løyvet kan synast til alle som har kontrollrett.

Av omsyn til ajourhald av sjøkart og kunngjering i "Etterretningar for sjøfarande" skal underretning sendast til Norges Sjøkartverk, Postboks 60, 4001 Stavanger, og då med utsnittkopi av sjøkart der anlegget med plassering av fortøyingar er nøyaktig teikna inn. Gjenpart med referanse skal sendast til Kystverket Vest, serviceboks 2, 6025 Ålesund og Fiskeridirektoratet Region Vest.

Vedlegg

Løyve frå Kystverket Vest datert 14.02.08, samt klageskjema fylgjer vedlagt (/.).

Klage


Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde (./) orientering. Ei eventuell klage skal framsettast til Fiskeridirektoratet Region Vest, sjølv om klaga gjeld vedtak fatta av Fylkesmannen, Mattilsynet eller Hamnestyresmaktene.

I medhald av tvistemålslova sin §437 vert det sett som vilkår for å gå til søksmål etter §435 i den same lova at ein har nytta høvet til å klaga. Ein gjer oppmerksam at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.

Med helsing

FOR


Kari Morvik
seksjonssjef



Else Marie Djupevåg
rådgjevar

Kopi:

Fiskeridirektoratet, Kyst- og havbruksavdelinga
Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga
Mattilsynet, distriktskontor for Sunnhordland
Kystverket Vest
Tysnes kommune




© Fiskeridirektoratet/Norge Digitalt

Langenuen




803/6 m/pjB
6/3-08




Uedleqq F

Line 19
Line 18
Line 17
Line 16
Line 15
Line 14
Line 13
Line 12
Line 11
Line 10
Line 9
Line 8
Line 7
Line 6
Line 5
Line 4
Line 3
Line 2
Line 1
Line 0
Line -1
Line -2
Line -3
Line -4
Line -5
Line -6
Line -7
Line -8
Line -9
Line -10
Line -11
Line -12
Line -13
Line -14
Line -15
Line -16
Line -17
Line -18
Line -19



SKOR, revidert 05-11-2007

6 x 157.m ringer i 8 stk. 80m x 80m rammer



Olden 6/3-08

① Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)

FISKERIDIREKTORATET
REGION VEST
 Postboks L
 6701 **MALØY**

③ Mottakar (namn og adresse)

Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

(Forvaltningslova § 27 tredje leddet)

② Dato

7/3-08

④ Klageinstans

FISKERIDIREKTORATET
 Strandgaten
 Postboks 2009 NORDNES
 5817 **BERGEN**

Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med.

Klagerett

De har rett til å klage på vedtaket.

Kven kan De klage til?

Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk ①. Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④.

Klagefrist

Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og då må De nemne grunnen til at De ønskjer det.

Rett til å krevje grunngeving

Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga.

Innhaldet i klaga

De må presisere

- kva for eit vedtak De klagar på
- årsaka til at De klagar
- den eller dei endringar De ønskjer
- eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga

Klaga må underskrivast.

Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket

Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjast i verk med det same. Men De kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.

Rett til å sjå saksdokument og til å krevje rettleiing

Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk ①. De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.

Kostnadene med klagesaka

De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.

Klage til Sivilombodsmannen

Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.

Særlege opplysningar

NB!

Mangler Fyllkesmannen
Monica Ekli: 55572208

KOPPI

SKÅR

Fiskeridirektoratet
Region Vest
Postboks L
6701 Måløy

Deres ref: 06/10071
Vår ref (saksnr): 07/5562
Dato: 22.03.2007
Org.nr: 985 399 077

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler

Mattilsynet

Ny lokalitet Skår - Tysnes kommune Godkjenning

Lokaliteten søknaden gjeld ligg i eit område sør i Langenuen mellom Tysnes og Stord. Det er høg oppdrettsaktivitet i Langenuen, samstundes som det er stor transport av oppdrettsfisk gjennom dette området, både smolt og slaktefisk.

Slike område har ein erfaring for er kritiske med tanke på å oppnå god kontroll med smittsamme sjukdommar. Dette gjeld både i forhold til risiko for at det oppstår smittsam sjukdom, men og i forhold til at slike område kan være viktige smittekjelder for spreing av smitte (smolttransport)

Koordinert brakklegging med jamne mellomrom av lokalitetar i slike området er eit sentralt tiltak for kontroll med smittsamme sjukdommar.

I tabellen nedanfor er vist avstand til andre godkjente oppdrettslokalitetar innanfor 5 km sjøvegs avstand i området.

Lokalitet	Art/type oppdrett	Avstand i Km	MTB	Firma
Uføro	Laksefisk	2,6	2340	K&F A/S

I eiga erklæring (vedlegg 1) forpliktar dei to selskapa som no har konsesjon på dei to aktuelle lokalitetane (Uføro og Skår) seg til å driva desse lokalitetane slik at ein oppnår ei felles brakkleggingstid mellom kvar driftssyklus.

Vedtak

Mattilsynet, distriktskontoret i Sunnhordland gjev løyve til ei etablering av lokaliteten Skår med ein maksimal tillaten biomasse (MTB) på 3120 tonn.

Godkjenninga forutset at det for denne lokaliteten og lokaliteten Uføro vert gjennomført ei koordinert brakklegging på minimum 2 mnd mellom kvar driftssyklus

Heimel

FOR 2004-01-16 nr 279 Forskrift om godkjenning av etablering og utviding av akvakulturanlegg og registrering av pryddammer., § 5.

mattilsynet.no

Mattilsynet
Distriktskontoret Sunnhordland
(Stord, Austevoll, Bømlo, Fitjar,
Kinnherad, Tysnes, Fusa)

Saksbehandler: Hans Olav Djupvik Tlf:06040
Telefon direkte: 53 45 42 00
Besøksadresse: Borggata 26, 5417 Stord
E-Post: haodj@mattilsynet.no

Felles postadresse: Postboks 383,
N - 2381 BRUMUNDDAL
Telefaks: + 47 23 61 68 01
E-post: postmottak@mattilsynet.no

Vedtaket er ikkje gyldig før Fiskeridirektoratet Region Vest har gjort endeleg vedtak i saka.

Med helsing

Mattilsynet, DK Sunnhordland



Arne Oftedal
Distriktsjef

Hans Olav Djupvik
Seniorinspektør

Vedlegg: Samarbeidsavtale mellom Kobbevik og Furuholmen

Kopi: Fylkesmannen I Hordaland - Miljøvernavinga.
Kobbevik & Furuholmen, 5396 Storebø

Veststar, Storebø

FELLESEKTLÆRING

MELLOM

KOBBEVIK & FUREHOLMEN OPPDRETT A/S OG VESTSTAR A/S

Mattilsynet DK Sunnhordland ber i skriv av 15.03.07, til Veststar A/S, om forpliktende avtaler om samarbeid mellom Kobbervik & Fureholmen Oppdrett A/S og Veststar, med omsyn til drift i deler av Langenuen.

I denne sammenheng viser vi til følgeskriv frå Veststar A/S, om godkjenning av ny lokalitet ved Skår, Tysnes kommune, av 31.10.06. Der går det fram at Veststar A/S, v/Stein Helge Skjelde, i diskusjon med Magne Hatlevik (KF) er enige om felles brakklegging av lokalitetane Skår og Uføro. Desse to lokalitetane ligg ca. 2,6 km frå kvarandre.

Partane bekrefter med dette enighet om å gå i takt på lokalitetane Skår og Uføro, med felles brakklegging på desse lokalitetane.

Dette betyr at Veststar A/S planlegg å setja ut fisk på Skår neste gang KF set ut fisk på Uføro.

Partane er kjendt med at det er søkt om ein biomasse på 3.120 tonn på kvar av desse to lokalitetane, (Skår og Uføro) og begge partane aksepterer dette når det er avtalt å gå i driftsmessig takt på lokalitetane.

Når det gjeld KF sine driftslokaliteter ved Hastabyneset og Landrøppynten ligg dei i så stor avstand til Skår og Uføro at dette er ei sak som må drøftast nærare mellom KF og Mattilsynet, DK Sunnhordland.

Storebø, 19.03 07.

Kobbervik & Fureholmen Oppdrett A/S

Veststar A/S

Magne Hatlevik

Stein Helge Skjelde



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Monica Ekli, 55 57 22 08

Vår dato
27 AUG 2007
Dykkar dato
08.02.2007

Vår referanse
07/01780 - 542.1
Dykkar referanse
06/18071

ELDJU

Fiskeridirektoratet region Vest
Postboks L
6701 Måløy

28 AUG 2007

433

06/18071

12

Utsleppsløyve for Veststar AS på lokaliteten Skår i Tysnes kommune

Fylkesmannen gjev Veststar AS utsleppsløyve for eit matfiskanlegg for oppdrett av laks og aure med ein maksimal produksjon på 3120 tonn biomasse på lokaliteten Skår i Tysnes kommune. Verksemda kan verte pålagt tiltak for å overvake utviklinga i resipienten og eventuelle effektar på korallførekomstar i området.

Bakgrunn

Vi viser til søknad datert 01.02.07, oversendt frå Fiskeridirektoratet region Vest i skriv datert 08.02.07.

Verksemda søker om løyve til å etablere ny lokalitet Skår i Tysnes kommune med ein MTB på 3120 tonn.

Fylkesmannen bad i brev av 29.05.07 verksemda om å dokumentere om det finst korallar på lokaliteten, da Langenuen er kjend for sine korallførekomstar. Rapport frå gransking av lokaliteten med ROV vart sendt inn 02.07.07.

Fylkesmannen si vurdering/grunngeving

Fylkesmannen har vurdert søknaden etter forureiningslova og som statleg styresmakt innan naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser.

- *Tilhøvet til plan*

Tysnes kommune handsama søknaden i møte i Formannskapet 17.01.07. Den omsøkte lokaliteten ligg i eit område som er sett av til akvakultur i gjeldande arealplan. Kommunen hadde ingen merknader til at lokaliteten vert nytta slik det vert søkt om.

- *Vilt, laksefisk/innlandsfisk, naturvern og friluftsliv*

Når det gjeld omsynet til ville stammar av anadrom laksefisk tilrår Fylkesmannen at det vert lagt vekt på rømingssikringstiltak ved anlegget og likeins tiltak for å hindre spreiding av lakselus. Vedkomande viltinteresser vert det vist til uttale og vilkår gjeve i vedlegg 2.

- *Forureining*

Gransking av botntilhøva ved hjelp av ROV viser, i følgje rapport frå Amundsen Diving, at det finst korallar i området, men at førekomstane under anlegget ser ut til å vere små.

Langenuen er, i følge HI, kjend for sine korallskogar og ein kan ikkje utelukke at anlegget kan ha negativ effekt på korallførekomstar i området.

I følge vedlagt rapport frå resipientgransking og straummåling er det djupner på mellom 90 og 195 m under anlegget. Utanfor anlegget skrånar botn vidare ned mot over 300 m djup. Straummålingane ved lokaliteten viser at det er god straum i området. Ut frå resultata presentert i søknaden og innsendte rapportar vel Fylkesmannen å gje løyve til ein biomasse på 3120 tonn på lokaliteten.

Verksemda vil kunne verte pålagt tiltak for å overvake utviklinga i resipienten og eventuelle effektar på korallførekomstar i området, jf. vilkår 7 i vedlegg 1.

Utsleppsløyve

I medhald av § 11, jf. § 16, i *Lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6* (forureiningslova), gjev Fylkesmannen i Hordaland med dette **Veststar AS** løyve til utslepp til luft og vatn frå eit matfiskanlegg for laks og aure på fylgjande lokalitet:

Lokalitet	Kommune	UTM-koordinatar	Ramme
Skår	Tysnes	LM 061 454, Kartblad 1214 IV	3120 tonn

Løyvet gjeld på dei spesielle og generelle vilkår som fylgjer vedlagt. Løyvet er ikkje gyldig før Fiskeridirektoratet region Vest har gjeve løyve etter akvakulturlova.

Ramme for utsleppsløyvet

Dette løyvet gjeld for eit matfiskanlegg for laks og aure, med ein samla biomasse på 3120 tonn, fordelt på fleire konsesjonar. Kvar for seg har konsesjonane berre løyve til ein biomasseproduksjon på 780 tonn.

Løyvet gjeld også for utslepp frå reingjering av produksjonsutstyr og medisiner. Det er også sett vilkår for handtering av daudfiskavfall og anna avfall knytt til vanlege aktivitetar ved anlegget.

Løyvet gjeld ikkje for slakting/sløyving/foredling av fisk.

Dersom konsesjonen ikkje har etablert seg, utvida eller flytta innan 2 år, må det etter § 20 i forureiningslova gjevast melding til Fylkesmannen, som avgjer om det må sendast inn ny søknad.

Vilkår for utsleppsløyve er gjeve i vedlegg 1.

Erstatningsansvar

Utsleppsløyvet frittek ikkje for erstatningsansvar for forureiningskade etter forureiningslova, jf. § 10 og kap 8.


Klagerett m.m.

Vedtaket kan påklagast til *Statens forurensningstilsyn* (SFT) etter reglane i kap. VI i forvaltningslova av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse. Klage skal sendast til Fylkesmannen innan 3 veker frå vedtaket har teke til å gjelde, dvs. frå det tidspunktet

anlegget har fått løyve etter akvakulturlova. Klagen skal vise til det vedtaket som klagen gjeld og den eller dei endringar som klagaren ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og eventuelle opplysningar som kan ha innverknad på saka bør nemnast.

Dersom vedtaket blir påklaga, kan Fylkesmannen eller SFT etter førespurnad vedta at vedtaket ikkje skal tre i kraft før klagen er endeleg avgjort, jf. § 42 i forvaltningslova. Partane i saka har rett til å sjå saksdokument etter forvaltningslova §§ 18 og 19. Fylkesmannen vil på førespurnad kunne gi nærmare opplysningar om sakshandsaminga.

Med helsing



Håkon Kryvi o.f.
seniorrådgjevar

Monica Ekli
Monica Ekli
førstekonsulent

Vedlegg: Vilkår for utsleppsløyvet (vedlegg 1)
 Vilt (vedlegg 2)

Gjenpart m/vedlegg:
Veststar AS, 5397 Bekkjårvik
Tysnes kommune
Mattilsynet, Distriktskontoret
Hordaland fylkeskommune, Kommunesamarbeid

VEDLEGG 1

Vedlegg til utsleppsløyve
av **27 AUG 2007**
for Veststar AS
Lokalitet Skår
Tysnes kommune

VILKÅR FOR LØYVET

1. UTSLEPP TIL VATN

1.1 Fôr

Ved fôring av fisken skal tap og spill av fôr reduserast mest mogeleg.

Det er berre tillate bruk av tørrfôr eller mjukpellets.

DEFINISJONAR:

Mjukfôr/pellets: Oppmalen fisk/fiskeavfall, tilsett så mykje bindemiddel at det kan fôrast ut som pellets utan å gå i oppløysing.
Tørrstoffinnhald > 50 %

Tørrfôr: Tørrstoffinnhald > 90 %

1.2 Medisin/kjemikaliar

Bruk og utslepp av medisin, insekticid, desinfeksjonsmiddel mm. skal skje i samsvar med gjeldande regelverk/retningsliner frå forureiningsstyresmaktene.

1.3 Sanitæravløpsvatn

Utslepp av sanitæravløpsvatn frå personalrom mm. må godkjennast av kommunen i samsvar med gjeldande reglar for utslepp.

2. UTSLEPP TIL LUFT

Fôrlagring og fôrtillaging, spyling, reingjering og tørking av nøter, handtering av avfall, samt andre aktivitetar ved anlegget skal gå føre på ein slik måte at dei ikkje fører til særlege luktulempar for naboar m.m.

3. STØY

Oppdrettsanlegget skal utformast og drivast slik at støynivået ikkje overstig SFT sine grenseverdiar for ekstern industristøy, jf. *Retningslinjer for begrensning av støy fra industri m.v.* (TA-506, 1985).

4. AVFALL OG SLAM

4.1 Produksjonsavfall og slam

Daud fisk, slakteavfall, fôrrestar, slam, feitt og liknande skal handterast slik at det ikkje oppstår forureiningsmessige ulemper.

Oppdrettsanlegget skal disponere eigen daudfiskkvern/ensileringsutstyr og mellomlager for lokal handsaming og konservering av fiskeavfall. Ensilert fiskeavfall skal mellomlagrast lokalt, og oppdrettsverksemda skal ha tilgang til lagertank. Volum på lagertank skal avpassast etter produksjonsmengde og transportavstandar, og bør vere 5 % av årleg produksjonsmengde.

Så langt det er mogleg skal daud fisk takast ut av produksjonseininga dagleg. Når det dør meir fisk i anlegget enn vanleg, skal frekvensen aukast tilsvarande. Sjå også akvakulturdriftsforskrifta § 14.

Oppsamla daud fisk skal konserverast straks ved ensilering, frysing e.l. og førast til eige lager. Ved ensilering skal fisken kvernast.

Ensilert fiskeavfall skal leverast til godkjent attvinningsanlegg for fiskeavfall.

Dumping av daud fisk og anna avfall i sjøen er ikkje tillate.

Nedgraving og forbrenning er ikkje tillate utan skriftleg løyve. Søknad om forbrenning skal rettast til *Statens forurensningstilsyn*, medan søknad om nedgraving skal rettast til Fylkesmannen og fylkesveterinæren.

Oppdrettsanlegget skal ha planar (beredskapsplan) og utstyr for å ta hand om massiv fiske-daude, til dømes ved algeoppblomstring eller sjukdom. Beredskapsplanen skal mellom anna omfatte strategiar til raskt å kunne handtere massedaude av fisk i anlegget, og klargjere kven som har ansvar for kva i slike situasjonar

4.2 Medisin- og kjemikalierestar.

Unytta restar av medisinfor, antibiotika, insekticid samt andre spesielt miljøfarlege stoff inkludert emballasje skal samlast og lagrast forsvarleg før dei vert henta av produsent eller annan instans som er godkjend av styresmaktene. Det same gjeld for oppsamla forrestar og ekskrement som inneheld antibiotika.

4.3 Anna avfall

Emballasje og liknande, samt alt anna avfall som ikkje er omfatta av pkt. 4.1 og 4.2 skal førast til godkjent avfallsanlegg for slike avfallstypar.

4.4 Slamfjerning

Dersom det må fjernast slam frå sjøbotnen, må det søkjast om eige løyve. Skriftleg søknad som gjer greie for korleis slammet er tenkt transportert og disponert skal sendast til Fylkesmannen. Pga. smittefaren må også veterinærstyresmaktene varslast.

Oppsamla slam skal om mogeleg nyttast til gjødsel/jordforbetningsmiddel.

5. LAGRING AV MEDISIN OG KJEMIKALIAR

Medisin, insekticid, kjemikalier mm. skal lagrast forsvarleg og avlåst slik at dei ikkje er tilgjengelege for uvedkomande.

Lagerlokalet skal utformast slik at spill ved uhell eller liknande ikkje blir slept ut, men kan samlast opp. Dette kan til dømes sikrast ved hjelp av oppsamlingstankar eller ved å laga kantar som gjer eit stort nok volum.

6. KONTROLL

6.1. Rutinar for vedlikehald.

Verksemnda pliktar å føre jamleg tilsyn og kontroll med fôringsutstyr, eventuelle reinseanlegg mm., slik at desse alltid vert drivne mest mogeleg effektivt. For å sikre dette, skal verksemnda driva rutinemessig førebyggjande vedlikehald og ha eit rimeleg reservelager av dei mest utsette komponentane.

6.2 Kontroll

Verksemnda skal registrere og journalføra følgjande data;

- * fiskemengd
- * mengd daud fisk
- * mengd rømd fisk
- * fôrtype og fôrforbruk
- * bruk av:
 - antibiotika, type og mengd
 - insekticid " "
 - anna kjemikaliar
- * mengd oppsamla slam med antibiotika, og disponeringsmåte
- * avfallsmengd og disponeringsmetode

Journalen må takast vare på ved anlegget i minst 2 år og vere tilgjengeleg ved kontroll/inspeksjon.

Verksemnda pliktar å la representantar for Fylkesmannen og dei etatar og institusjonar som har fullmakt frå Fylkesmannen inspisere anlegget når dei måtte ønskje det.

7. RESIPIENTGRANSKINGAR

Verksemnda pliktar å kosta eller delta i dei granskingar som Fylkesmannen finn turvande for å kartlegge forureiningseffekten til anlegget, mellom anna eventuelle effektar på korallførekomstar i området, jf. § 51 i forureiningslova. Verksemnda kan også påleggjast å betale ein høvesvis del av kostnadene ved eit resipientgranskingsprogram for området der anlegget er plassert.

8. GENERELT

8.1 Eigenkontroll og ansvar

Verksemnda pliktar, gjennom instruksar, kontroll og andre tiltak, å syte for at drifta av anlegget skjer slik at ulemper og skadeverknader vert mest mogeleg avgrensa

8.2 Akutte utslepp

Verksemnda pliktar å gjennomføre tiltak med sikte på å unngå akutte utslepp av til dømes antibiotika, kjemikaliar o.l. Dersom det oppstår akutte utslepp skal Fylkesmannen varslast så snart som mogeleg.

8.3 Tvangsmulkt og straffeansvar

Forureiningsstyresmaktene kan etter § 73 i forureiningslova gjere vedtak om tvangsmulkt for å sikre at reglane i lova og vilkåra i dette løyvet vert etterlevde.

Brot på vilkåra i løyvet er straffbart etter kap. 10 i forureiningslova.

8.4 Endring av utsleppsløyvet

Dersom Fylkesmannen finn det naudsynt, kan det setjast krav om at ytterlegare tiltak vert gjennomførte for å hindre eller redusere forureiningsfaren frå oppdrettsanlegget. Eventuelt kan Fylkesmannen krevje at anlegget vert flytta når krava i § 18 i forureiningslova "*om endring og omgjøring av tillatelse*" er oppfylte.

8.5 Nedlegging, eigarskifte, konkurs

Ved eigarskifte, inkludert eigarskifte i samband med konkurs, må det gjevast melding om dette til forureiningsstyresmaktene innan 4 veker. Det same gjeld ved endring av namn.

Ved nedlegging av drifta, til dømes på grunn av konkurs, skal det også gjevast melding til forureiningsstyresmaktene, jf. § 20 i forureiningslova.

Verksemda er ansvarleg for rydding og istandsetjing av det området som har vore i bruk, jf. § 20 i forureiningslova.

VEDLEGG 2

VILT

Lov om viltet av 1981 skal sikre alle dyr og fuglar eit minimum av vern. I utgangspunktet er alle viltartar freda. §3 seier:

"Ved enhver virksomhet skal det tas hensyn til viltet og dets egg, reir og bo, slik at det ikke påføres unødige lidelse og skade."

Etablering av oppdrettsanlegg vil alltid kunne føre til visse konflikter i forhold til viltet. Røynsle har vist at alle typer oppdrettsanlegg, også skjelanlegg, kan verke tillokkende for ulike viltartar frå dei kringliggjande områda. Skadeproblema som dermed oppstår, kan i neste omgang gjere det aktuelt å søkje om fellingsløyve.

Før det blir søkt om fellingsløyve, pliktar eigar, brukar eller rettshavar å prøve andre tiltak for å førebyggje viltskade.

Av omsyn til viltinteressene, og som førebyggjande tiltak mot viltskade, fastsetjast følgjande vilkår for konsesjon:

1. Dersom det oppstår viltskade på oppdrettsanlegget skal eigaren straks ta kontakt med viltansvarleg i kommunen for å drøfte aktuelle tiltak.
2. Eigaren av matfiskanlegg skal førebu montering av flytelense med sperregarn og otersikker port på landgangen. Montering av lense og port skal gjennomførast når Fylkesmannen eller miljøvernstyresmaktene sentralt krev det. Maskevidda på sperregarna skal avgjerast av miljøvernstyresmaktene.